Førsteblad

I : 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr.

Emne : Ymse attåtfôr

Oppskr. av : T. Austrumdal

(adresse) : Vikeså

Fylke : Rogaland

Herad : Bjerkreim

Bygdelag : Øvre bygdi

Gard : Austrumdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

I.

Rötter.

Ingen kann hugsa at rötter av noko slag hev vorte sanka korkje som vanlegt eller naudfor.

A. Forskjellige rötter.

Det er ikkje meir å segja um desse rötterne enn at eg hev höyrdt umtala at i gamle dagar når åkrane vart svært fulle av kveka eller tråusk, då tok dei på å reinska or desse rötterne når akeren um våren vart plöygd eller spadd. Dei vaska då moldi or rötterne og gav dei til kyrene. Men det vart aldri större mengd av desse röterne, so dei fora deim upp i eit eller i högdi 2 mål. Slikt noko heldeslöysa kallar me ikkje for fôr

B. Bregner.

Når det gjeld bregner, eller som det heiter her burkn og einstab, då hev eg höyrdt gjete at dei i gamle dagar sanka

1627

eindel av desse til fôr. Både hurkn og einstap vart slegne um fyresumaren med orv og ljå. Dei vart turka og ellers stelt med som höy. Med umsyn til röttene av desse plantorne, so er det heilt ukjennt, at dei hev vore nytta som kreturfôr

II. Tang og tare.
Fell burt.

III. Annet fôr av planter.
Fell burt.

IV. Hestemök
Fell burt.

V. Sörpefôr

Sörpe er eit ord som er ukjennt i Bjerkreim. Her segjer me at det vert „sett i blote". Ymse slags fôrslag vert stappa i eit eller anna kar. og slege kokande vatn på. Når dette vatnet hev stade ei stund hev ymse nærings og smakseinne varte lekte ut. Dette vart kalla log. og vart gjevne til kyrne. Dette å setja i blôde hev ikkje vore i bruk dei siste 50-60 åri.

VI. Fiskeavfall.

Då Bjerkreim er ei innlandsbygd hev det frå gamalt av ikkje vore nytta fiskeavfall til fôr. Sidan bilarne kom hev det teke sveert til med å nytta fiskeavfall til kreturfôr, særleg til sauerne. Dette fiskefôret er særleg avfall frå hermetikkfabrikkarne, anen det vert og nytta heil sild. Ingen ting vert kokt av dette fiskeavfallet.

1627

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

Bjerkreim er største sauebygdi i landet. Ved siste kretürteljing, no i vår, var det yver 15000 vinterfôdd saur. Då fôr frå fjellslått og ütmarkslått hev skrümpa svært inn, vert ein stor del av sauefôret fiskeavfall + lyngheite. Dyri får berre eit måltid üm dagen med fiskeavfall, og då vert det gjeve ümlåg ei bytta til 20 dyr. Umlag 10-12 ~~kg~~ liter i ~~desse bytterne~~. ei bytta

1627
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING